



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1221 - 23/55141

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
30.06.2023

Vedtak til klagevurdering - gbnr 464/64 Haugstad

Tiltak: dispensasjon - tilbygg på hytte
Byggjestad: Gbnr: 464/64
Tiltakshavar: Sidsel Daviknes Sørgard
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå LNF-føremålet og § 1-8 for etablering av tilbygg til fritidsbustad.

Planstatus

Eigedomen ligg innafor det som i kommunedelplan for tidlegare Radøy kommune er sett av til LNF-føremål.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama administrativt der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert gjeve dispensasjon frå § 1-8 og planføremålet LNF for oppføring av tilbygg til fritidsbustad. Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 vert det gjeve løyve til etablering av tilbygg til fritidsbustad på gbnr 464/64. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.12.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.**

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Ingrid Bjørge Pedersen på e-post ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune.no.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til etablering av tilbygg til fritidsbustad - gbnr 464/64 Haugstad
Situasjonsplan
Teikning ny fasade
Teikning ny fasade - Perspektiver
Teikning - nytt plan, fundament
Teikning nytt plan 1. etasje
Teikning nytt plan 2. etasje
Teikning nytt snitt i stue
Teikning nytt snitt i vindfang
Teikning nytt snitt - Langsnitt
Teikning nytt snitt i tilbygg

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863 LEIKANGER
5020 Bergen